



Røsland (24) eig Vertshuset og opnar det no, to år etter overtakinga. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Rådmannen går inn for at Vertshuset Drift AS i Uskedalen skal få serverings- og skjenkeløyve fram til 30. juni 2012 med Johan Henrik Lyse som løyvehavar. Reservestyrrar blir eigaren, Røsland.**

Saka kjem opp som ekstrasak i formannskapet torsdag og løyvet gjeld spiserestaurant og pub. Både Lyse og Røsland har dokumentert kunnskapsprøve etter serveringslova og alkohollova.. Korkje politiet eller skatteetaten har merknader. Det har derimot branntilsynet, men det heiter at merknadene er eller vil bli utbetra,

Løyvet gjeld for alkoholhaldig drikk gruppe1, 2 og 3 på 100 sitjeplassar inne i restaurantlokalet, 22 sitjeplassar i konferanserommet mot vest og 35 sitjeplassar på terrassen mot båthamna (mot nordvest). Skjenketida både inne og ute er frå 12 til 01 for alkohol under 22 prosent og frå klokka 13 til 24 over 22 prosent,

Det er nå fem år sidan Vertshuset var i ordinær drift sist, men då under namnet La Dolce Vita. Røslands selskap, som kjøpte Vertshuset for to år sidan, heiter MR Holding.

I driftsplanen for Vertshuset som er vedlagt søknaden om serverings- og skjenkeløyve heiter det at visjonen er at huset er å bli ein naturleg og kjent destinasjon for båtturister frå heile Sør-Noreg og utover det at stedet skal vera til nytte og glede for lokalbefolkningen.

Satsing på konferansar og på sikt tilbod om overnatting vil bringa nye mogelegheiter for lokale bedrifter til å invitera sine samarbeidspartnarar til møter på heimebane, heiter det.

Vertshuset tek sikte på å levere mat og drikke samt utleie av lokaler som primærnæring. Ein naturleg del på sikt vil vera å spisse konseptet til å bli ein total leverandør av kurs og konferansar. I denne pakken vil dei også spela på den unike og naturskjønne ramma.

Men tidsmessige årsaker gjer at dei denne sesongen vil etablere ein enkel serveringsdrift med hovudfokus på prefabrikerte produkt frå samarbeidspartnarar. På sikt tek dei sikte på kunne tilby eget produkt til kundane.

Ein fleksibel drift gjer at det i sesong og ved lukka lag vil vera behov for mellom 5 og 10. personer i deltidstillingar.

I driftsplanen blir det opplyst at dei no er i slutfasen med forhandlingar om leveranser frå nærliggjande bedrifter.

Av Ola Matti Mathisen



Det første kapitlet i Vertshuset si historie var slutt for fem år sidan, men dette skiltet lever framleis.....(Foto: Ola Matti Mathisen)